

Referat, konstituerande styremøte LLP 13. april 2015

Stad: Grand Hotel Terminus, Bergen

Tidspunkt: 13. april 2015 kl. 16.45-17.15

Tilstade: Tom Oddby, Cecilie Lintoft, Karin Gjelsten, Ole Martin Rønning, Petter Høiaas, Mads Langnes, Inger Lene Nyttिंगnes (Organisasjonssekretær/referent).

Ikkje tilstade: Elin Østevik.

Sak 1/2015. Konstituering

Styret konstituerte seg. Cecilie Lintoft vart valt til nestleiar for styret.

Sak 2/2015. Referat frå styremøte 24.-25. november 2014

Det var ingen kommentarar til referatet.

Referatet vart godkjent.

Sak 3/2015. Status for økonomi

Rapport for mars månad var endå ikkje klar. Organisasjonssekretær skal sende ut ei orientering til styremedlemene på e-post når denne er motteken frå rekneskapsfirmaet.

Sak 4/2015. Leiar og organisasjonssekretær sine tilsettingsforhold

Leiar har utarbeidd eit forslag til kontrakt som skal sendast ut til styremedlemene for kommentarar og godkjenning. Leiar vil levere timelister for det arbeidet han utfører for LLP.

Organisasjonssekretær forlot møterommet for at styret kunne diskutere hennar tilsettingsforhold. Saka er difor ikkje referatført. Det vart etterpå klart at organisasjonssekretær vert tilsett i 100% stilling fram til 31. desember 2015.

Sak 5/2015. Møtekalendar for 2015

- 20. mai: Møte i Arbeidsutvalet. Oslo. Styremedlemer kan sende inn saker dei ønskjer at AU skal handsame, og leiar vil utarbeide sakliste for møtet som skal sendast ut til styremedlemene i forkant av møtet.
- 31. aug. -1.sept: 31. august haldast det styremøte. 1. september blir sett av til referatfritt møte for styret til å diskutere strategiar for styret sitt framtidige arbeid.
- 15. oktober: Styremøte.
- 25.- 26. november: Styremøte og julebord.

Sak 6/2015. Evt.

- Det er ønskeleg at LLP er representert på Kulturrådet sitt møte fredag 17. april kl. 11-14, om nye retningslinjer og forvaltinga av driftstilskot til verksemder frå Norsk kulturfond. Det kan bli vanskeleg for styremedlemene som held til i Oslo å få deltatt, men det skal undersøkjast om ein kan finne ein person som kan representere LLP på møtet.